



FISKEKORT **ELVEGUIDEN**

Uskedalselva

Fiskekort kjøpes på www.elveguiden.no

Last ned Appen i App Store eller Google Play

Då skal alt vera klart for oppstart av fiske i Uskedalselva. Fiskekort vert kjøpt på elveguiden.no.

Sal av fiskekort i Uskedalselva tok til i går, onsdag 24. juni. Fiskestarten er i dag, torsdag 25. juni. Elveeigarlaget har no namnet Uskedalselva Forvaltning og det er innført soner. Kvar sone har sitt fiskekort. Kvar sone er knytta opp til gardsnamna, t.d. Døssland, Dønhaug, Musland, Haugland osv. Grunneigarane kan fiska i den sona gardsbruket tilhøyrer. Elles er reglane mykje godt dei same som før. Det er mykje fisk i elva og med nedbør i helga, kan det verta ein god start på sesongen.



Det skal berre fiskast med stang. Bilete syner fiskarar frå Odda i 2019.

Vi tek med eit utdrag av Fiskereglar for Uskedalselva 2020. Du finn meir og nøyaktig informasjon på heimesida til Uskedalselva Forvaltning.

- Fiskesesongen varer frå 15. juni til 01. september
- Uskedalselva er delt inn i soner og alt fiske skal føregå innafor den sona det er løyst kort for
- Innløpet til Gravehølen er stengd for fiske - sjå skilt
- C/R vert ikkje tillate i sonene ovanfor bruene på Haugland
- Det er sett it PIT merke lesar. Her kan du skanna fisken for å sjekka om den er merka
- Gå ikkje over dyrka mark. Gå langs elva eller på stiar. Lukk grindar
- Parker på skilta plassar. Det skal ikkje campast på P plassane - bruk campingsplassane i bygda
- Alle vert oppmoda om å ta med søppel
- Fangst skal rapporterast inn på nettsidene, anten på PC eller på mobil. Nytt kort vert kjøpt etter du har meldt inn førre fangsten
- Ved låg elv og lita vassføring kan styret stoppa fiske i ein periode - stenging vert gjort kjend på nettsida
- Sesongkvoten pr. fiskar er maks 10 fiskar på land
- Døgnkvoten pr. fiskar er 2 fiskar på land

Styret i den nye organisasjonen Uskedalselva Forvaltning seier SKITT FISKE.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Alle vert oppmoda om å bruka skilta p plassar.